



Kultur- og Kyrkjedepartementet  
postmottak@kkd.dep.no

*Dykkar referanse:*

*Vår referanse:*  
109.8-04 VH

*Dato:*

19. april 2004

## **Nytt nasjonalt språkorgan – høyringsuttale frå Landssamanslutninga av nynorskkommunar (LNK)**

Me viser til brev frå departementet, dagsett 20. januar i år, og takkar for at LNK på denne måten får høve til å koma med ei fråsegn om det nye norske språkorganet.

I fråsegna tek me først opp aktuelle språkpolitiske utfordringar og det nye språkorganet si rolle i høve til desse utfordringane. Me kjem inn på moglege måtar å organisera organet på og seier noko om kva arbeidsfelt og alliansepartnarar som vert viktige. Til slutt i fråsegna oppsummer me på kva område LNK ser for oss eit samarbeid med det nye organet.

### **Språkpolitiske utfordringar**

Noreg har bruk for ein samla norsk språkpolitikk. Fram til no har det vore noko uklårt kven som har det overordna ansvaret for språkspørsmål og språkpolitikk her i landet. LNK vonar at det nye organet kan ha ei samlande, tyngre og meir tydeleg rolle som premissleverandør for saker som handlar om norsk språk enn det Norsk Språkråd har hatt. Dette må sjølvstendig og visa att i korleis det nye organet vert organisert administrativt og i det politiske hierarkiet.

Språkrådet har arbeidd med viktige fagområde som normering, rettskriving, mållova, stadnamn og utvikling av fagspråk, men samstundes har me sett døme på at viktige brotstykke av den norske språkpolitikken er "løfta ut" frå fagorganet og behandla isolert politisk – utan at fagorganet har vore med i prosessen (jf. sidemålsdiskusjonen, prinsippet om at norsk til vanleg skal vera undervisningsspråk ved universiteta osv. ). Bakgrunnen for dette er nok ein kombinasjon av at Norsk Språkråd har hatt ei lite tenleg organisering og at ansvarsområda innafor norsk språkpolitikk har vore utydelege.

I høyringsbrevet finn me signal som tyder på at delar av denne politikken vil bli ført vidare: Det nye organet skal ikkje arbeida med den totale språkstoda i landet, berre

med norsk språk. Slik LNK ser det, vil det vera naturleg at det nye organet forvaltar og er pådrivar for ein nasjonal språkpolitikk, og får høve til å arbeida med *heile* språkfeltet i Noreg. Det vert kunstig å trekkja ut t.d. framandspråka. Ei slik avgrensing vil og gjera det vanskeleg å arbeida rasjonelt med viktige utfordringar som tilhøvet mellom norsk språk og innvandrarspråk, korleis framandspråk påverkar norsk, balansen mellom framandspråka i kulturelle og faglege samanhengar (jf. den dominansen engelsk har i høve til t.d. spansk, tysk og fransk), tilhøvet mellom dei norske og dei nordiske språka osv.

Det må vera eit mål å klara å halda på norsk som eit fullverdig nasjons- og samfunnsberande språk som fungerer på alle samfunnsområde.

For å få dette til vil det truleg vera nødvendig å ha ei eiga lov som ankerfeste for arbeidet.

### **Normering og rettskriving**

Høyringsbrevet signaliserer at det vil vera rett å tona ned arbeidet med rettskrivingsreformer og sikra stabilitet i rettskrivinga. Me er einige i at andre arbeidsoppgåver må vega tyngre for det nye organet. Samstundes må det etter vårt syn vera ei offentleg regulering av den norske rettskrivinga. Mediadiskusjonen rundt den siste normeringsrunden frå språkrådet viser kor viktig det er å ha ein politikk på dette området og at denne politikken må ha eit fagleg fundament. Dersom også språket skal få utvikla seg fritt – verta regulert av ”marknaden” så å seia, ser me mørkt på framtida for norsk språk. Sjølv om det nye organet legg mindre vekt på rettskriving, er det likevel ei rad oppgåver som treng nasjonal samordning. Døme kan vera korleis ein skriv nyord, standardisering, fagterminologi elles, normering av stadnamn osv. Det er viktig at desse oppgåve vert ført vidare.

### **Mållova**

Dagens system for å fanga opp korleis offentlege etatar følgjer opp mållova fungerer ikkje godt nok. Mellom anna har det vore ei utvikling mot at nye måtar å organisera offentleg verksemd på ikkje kjem inn under mållova. Dei ulike mållovsmeldingane har og dokumentert at staten i praksis ikkje følgjer opp mållova. LNK vil be om at departementet i samband med etableringa av det nye organet går gjennom på kva område staten i dag ikkje følgjer mållova, og at det vert laga ei målsetjing om å endra praksis på desse områda.

### **Organisering**

Det er viktig at det nye organet får eit styre med så få medlemmer at det vert eit praktisk arbeidsforum. Så får heller spesialistar og fagnemnder vera premissleverandørar til styret. Slik LNK ser det, må det og vera eit mål at styret klarar å setja arbeidet inn i ein utvida kulturell og sosiologisk samanheng – det er ikkje vidt nok å berre sjå på filologiske problemstillingar.

### **Arbeidsområde og alliansar**

Styret og sekretariatet bør vera bevisst allianseorienterte. Det vil vera naturleg å arbeida utoverretta – leggja stor vekt på ekstern kommunikasjon. Det nye organet skal sjølvstendig ha ei fri og sjølvstendig rolle i arbeidet sitt, men det er og viktig at det vert laga ein organisasjonsplan som syner korleis det nye organet systematisk skal knytast opp mot ulike organisasjonar, vitskapsmiljø, utdanningsinstitusjonar,

mediemiljø, it-miljø osv. Organet må og vera spesielt merksame på, og arbeida inn mot, område der det kan vera særleg uheldig å missa "fotfestet": Typiske domene er TV-kanalane, med størst vekt på program retta mot barn og unge, reklamebransjen, Norsk Standard, forlag, forfattarar, kunstnarar, organisasjonslivet og mediabransjen generelt.

Samstundes er det viktig at det er klåre kommandoliner og rutinar mellom det nye organet og KKD, UFD, universitet og høgskular osv.

Det nye organet bør og vera eit kompetansesenter: Organet bør ha oversyn over språklege kunnskapskjelder og eit overordna ansvar for oppbygging og vedlikehald av ein framtidig digital norsk språkbank.

### **LNK si rolle**

Departementet spør korleis høyringspartane kan tenkja seg å samarbeida med det nye organet. Dersom organet får som mandat å vera eit reelt språkleg kompetansesenter for offentlege og private brukarar, er det naturleg at LNK søker eit nært samarbeid. Alle saksfelt som vedrører kommunar og fylkeskommunar, slik som barnehagar, SFO, grunnskule og vidaregåande skular vil vera naturleg for oss å samarbeida om. Elles vil arbeidet med mållova, morsmålundervisning, innhald i norskfaget osv. vera område der det er interessant for oss å stimulera til eit samarbeid.

LNK er den største språkorganisasjonen innanfor offentlig sektor i Norge, og stiller gjerne vår kompetanse og vårt materiell til disposisjon for det nye organet.

Me nyttar høvet til å ønskja lukke til i arbeidet med å skapa eit framtidsretta, slagkraftig organ for norsk språk og ser fram til eit nært og godt samarbeid.

Med vennleg helsing  
LANDSSAMANSLUTNINGA AV NYNORSKKOMMUNAR  
(LNK)

Vidar Høviskeland  
dagleg leiar(s)